

JETTEGRYTER

Denne godbiten vert servert frå nokre av dei største grytene vi har - jettegrytene. Dei liknar innvendig på store gryter, og forfedrane våre laut ty til overnaturlige vesen - jetter - for å forklara opphavet til grytene.


Kvartærgeologen interesserte seg og tidleg for desse merkelege fenomen, og han gjer det framleis. Dei er med og fortel om tilhøva under ei geologisk sett nær fortid - istida.

Ein finn ofte fleire jettegryter på ein stad, slik som på teikninga. Nokre stader ligg dei i eller ved ei elv, eller ved sjøen. Det er då naturleg å tenkja seg at vatnet har forma dei. Elvevatn kan ikkje grava holer i berg-
get på eiga hand. Er det derimot stein, grus og sand til stades, vil desse verka som slipemiddel og seint og trutt bora seg veg ned i fjellet.

Dei fleste og største jettegrytene finn vi på stader der inga større elv renn idag. Dette må tyda at dagens elvar er dårlege grytemakarar sidan dei ikkje har klart å laga dei største grytene endå dei har hatt 8 - 10 000 år på seg.

Ved slutten av siste istid vart klima fort betre. Isen som dekte mest heile Norge for 10.000 år sidan, smelta bort på under 2.000 år. Smeltevatnet tok seg fram under isen i den retninga bre-
overflata hella. Dette kunne vera dei merkelegaste vegar i høve til fjellgrunnen under. Breeelva rann like gjerne i "motbakke" som i utforbakke, eller oppe i dalsida istaden for nede i dalbotnen. Ved at smeltevatnet rann i ein tunnel under isen, vart trykket uvanleg stort. Ein annan ting som skilde desse elvane fra vanlege elvar av idag, er alt slammet dei førde med seg. Saman med sand og grus er dette eit godt slipe-
middel.

Det er ikkje alle bergartar som let seg forma like lett på denne måten. Dei fleste grytene finn ein i fyllitt, ein omvandla skiferbergart.



Jettegryter ved Kongshavn i Indre Oslofjord. Teikna av geologen Hans Reusch for 100 år sidan.

Den er mørk grå på farge, men har ofte lyse kvartslinsar innimellom. Det er langt sjeldnare å finna gryter utsvarva i granitt.

Jettegrytene kan verta 20 - 30 m. djupe og meir enn 5 m. vide, men har oftast ei djupn på 1 - 5 m. Dei kan ha ei svak spiralform, noko som har samband med kvervlane i vatnet. Det strøymer i ring nedetter langs sidene og oppatt langs midtaksen. Såleis set det slipeverktøyet i gang. Steinane vil mala mest i botnen og difor vert gryteforma langstrakt.

Nokre stader finn ein berre halve gryter i bergveggen. Her må isen ha lege innåt og danna den andre halvdelan slik at vatnet har kunna kvervla rundt på vanleg måte. Jettegryter finst ofte i samband med gjel, enten tørre gjel eller med ei elv nede i botnen og heile og halve jettegryter oppetter bergveggen.

I Vest-Norge er det jettegryter i mange dalar. Nokre er det berre lokal-kjende folk som veit om, mens andre er turistattraksjonar. Dei har ofte fått lokale navn som "Vetlahelvete" (Aurlandsdalen) eller "Toskaholet" (Fykkesund). I Geologisk museum er det laga ei lita utstilling om jettegryter, mellom anna med ei lita gryte utsvarva i ein stein. Men dei store grytene må ein ut i naturen for å sjå. Folk frå Bergenshalvøya kan leggja søndagsturen sin til Eikelandssosen der det er mange, både store og små gryter frå elvemunningen og oppetter.